



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

Avdeling for Mediefag / Media Department

hivolda.no | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51  
P.B. 500 | 6101 Volda



**Reportasjefoto med mobilkamera.**

Gaute Hareide

<b>Forfatter</b>	Gaute Hareide
<b>Utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>År</b>	2017
<b>Serie</b>	Andre skrifter
<b>ISBN</b>	978-82-7661-331-5
<b>Sats</b>	Forfatter
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/andre">http://www.hivolda.no/andre</a>

På følgjande sider finst ein serie bilder av meir og mindre reportasjemessig karakter.

Samtlege er frå reelle, daglegdagse situasjonar.

Formålet med dette kompendiet er å sjå på korleis eit mobilkamera kan nyttast til å rapportere visuelt frå det daglege.

Eg vil drage fram mobilkameraet sine fordelar i så måte, men også peike på kva avgrensingar som ligg i dette nokså enkle fotoutstyret.

Eg vil vidare sjå på ulike motivtyper, freiste å antyde korleis ulike standpunkt, utsnitt og øyeblikk kan framheve det essensielle ved eit motiv.

Målet er å inspirere unge journalistspirer til å aktiv utforske det fotografiske bildet sitt potensiale for historieforteljing.

Volda, desember 2017

Gaute Hareide,  
Fotografmester/høgskulelektor

Dette heftet er laga for undervisning på Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda, og er ikkje godkjent for bruk ut over det.

Ein fotograf og enkelte avbilda personar har eg ikkje klart å kome i kontakt med i samband med produksjonen. Om nokon av desse i dag ikkje ynskjer å vere representerte i ein publikasjon som denne vil eg gjerne ha beskjed.

Framsida viser eit hus med ein person som ligg lettkledd på taket og les bøker. Det er i Volda, det er fint ver og eksamenstid. Reportasjesjangeren femner vidt.

# JEG GÅR RADIO

DØRDLÅGEN

# TRENGER IKKE FOTOKURS

## Kvifor treng journalistar fotokunnskap?

Plakaten til venstre dukka opp i redaksjonslokala til Høgskulen i Volda hausten 2016, og demonstrerer at her manglar nokon både kunnskap om foto og forståing for behovet.

Det er interessant. Radio er jo eit medium utan bilder, så for den del kan ein forstå protesten mot det då nyss innførte fotokurset for alle som studerer journalistikk i Volda.

På den andre sida heiter det at dei beste bileta er på radio. Det er fordi ein god radioreporter kan å snakke slik at vi som lyttar ser bilder for vårt indre auge, og det kan bli fantastisk.

Skal vi kunne skildre visuelt slik at andre ser ting for seg, må vi ha god sans for det visuelle. Det er ein evne som, til liks med evnen til å uttrykke seg skriftleg, kan øvast opp.

Det fotokurset som dette verket er retta mot er i svært liten grad teknisk. Vi kan sjølvsagt nemne at eit bilde med ein person som hovud-element bør ha fokus på personen og ikkje på døra bak, men slikt er detaljar i denne omgang.

Det viktigste i denne omgangen er å lære seg å sjå, og å vurdere, og tenke på om ein annan ståstad, eit anna utsnitt, eit anna øyeblikk og eit anna lys kunne vere eit betre valg.

Dessutan skal det handle litt om omsynet til dei som skal vere med i bildet. (*Plakaten er sladda av meg av omsyn til modellen.*)

Foto: Ukjend





For hundre år sidan var media nesten totalt utan bilder. Eg talar her om den "seriøse" pressa. Innan den var bildebruk, av mange, rekna som useriøst langt inn i min eigen oppvekst og litt forbi. "Kulørt presse" og "tabloid" har lenge vore synonymt med overfladisk journalistikk. I dag brukar "alle" bilder i overveldande grad, jamfør nettsidene frå fem presumptivt seriøse mediehus ein

tilfeldig dag i august 2017. Dette kan bety at media har blitt meir overfladiske. Det kan også bety at den digitale revolusjonen har endra folk si haldning til bildet. I løpet av 2000-talet sine første ti-år har visuell kommunikasjon blitt like enkel og rask som verbal kommunikasjon. Dette har utan tvil endra vår bruk av bilder. Her skal vi sjå litt nærare på korleis bilder kan takast og brukast.



Mobiltelefonen er i dag det viktigste verktøyet ein journalist kan ha. Med introduksjonen av I-phone i 2007 og seinare hybridar har vi fått ein dings med så omfattande funksjonar at livet utan er nærpå utenkjeleg - ikkje berre for journalistar og ikkje alltid i blank og seriøs innpakning.

Vi skal her langt frå ta for oss alle nyttige og unyttige ting denne nyttige saken kan nyttast til. Vi skal tvert om konsentrere oss om ein liten men viktig del; kamerafunksjonen, og sjå på kva positive og meir problematiske sider denne har å by på.

Viktigste fordelane først: Den er alltid med, og den er ein så naturleg del av folk sin kvardag at den oftast vert oppfatta som ufarlig. Mobilkameraet gir oss dermed bilder vi ellers ikkje vil fått. Som journalistar er vi veldig glade for det. Som sivilpersonar er vi kanskje litt mindre glade, sidan det betyr at vi sjeldan kan rekne med å vere utanfor skotvidde for eit eller anna kamera.

Ein ting å lære frå dei asiatiske turistane her til høgre: Kameraet skal haldast horisontalt, med mindre motivet krev noko anna,

Synsfeltet vårt er horisontalt. Det er også dei fleste motiva, og for video er det obligatorisk. *Ein* ting er at folk og bilar og slikt som regel bevegar seg langs horisontalplanet. Ein annan er et skjermar som video skal visast på nesten utan unntak er horisontale.

I den samanhengen, sidan mobildesignarane rett ofte er litt toskete på dette området; pass på at ikkje fingeren kjem framfor linsa. Det er fort gjort. Jamfør peikefingeren som pirkar på SvampeBob. Ho som eig denne fingeren veit kvar ho ikkje bør plassere den.







Type mobil er *litt* underordna. Det kan gjerne vere ein iPhone, men er langt frå nødvendig. Derimot er det viktig at modellen har kamera med god oppløysing (mange megapixlar), høve til redigering i kameraet, og (helst) råformat.

Viktigste tilbehøret er som regel standard; mikrofon og øyrepluggar. Det kan vere greit å ha ekstra mikrofon, om ein vil ha betre lyd kvalitet.

Nummer to er ei selfie-stang. Dei gongane ein bør (må) vere med i bildet, som ved direkte rapportering, vil ein oppleve at armen kan vere litt kort og ansiktet dermed kjem for nær kamera og blir for stort i bildet.


Tredje tips er eit lite lommestativ til eit par hundrelappar, for dei tilfella der ein vil ha eit stødig opptak av eit intervju eller ein time-lapse eller heilt enkelt eit bilde med lang eksponeringstid i svakt lys. Til bruk for eksempel ved vakkert nordlys eller måneskin over påskefjellet.





Mobilkameraet sine svake sider kan alle saman knytast til størrelsen. Øvst til venstre ser vi eit mobilkamera frå 2010 (berre kameraet). No er dei enda mindre. Nedst til venstre ser vi bildesensoren til eit Canon speilrefleks-kamera frå same perioden. Sensoren på eit profesjonelt fullformat kamera er enda litt større. Sensorane (CCD-chip'en) er utstyrt med ei bestemt mengde lyskjenslege celler (pixlar), og eit lite mobilkamera kan ha like mange pixlar som eit stort, eller fleire. Min Huawei P9 mobil har t.d. 20 megapixlar, medan mitt eldre Nikon D700 har berre 12 Mpx. Min P9 er dermed eit betre kamera enn min D700. Men berre med omsyn til kor mange pixlar det har. Ikkje til kor "gode" pixlane er, eller linsa, eller ei rekke andre ting.

Pixlane på eit mobilkamera vil alle saman vere svært små, sidan sensorane nødvendigvis må vere veldig små. Ein fullformat sensor er ca. 43mm i diagonal. Sensoren på eit mobilkamera med ein tilsvarende mengde pixlar er ca. 1/10 av dette i *diagonal*. Dermed vil kvar enkelt mobil-pixel vere  $10 \times 10 = 100$  gonger mindre i *areal*. Det betyr at kvar enkelt av desse vil fange 100 gonger mindre lys. Det, igjen, betyr at små sensorar vil fungere 100 gonger dårlegare i svakt lys enn store sensorar kan. Sjølv når elektronikken har same kvalitet vil altså alle mobilkamera ha dårlegare "ISO-performance", sidan elektronikken i utgangspunktet vil ha vesentleg mindre lys å jobbe med.



Desse to grå firkantane viser ca. størrelsesforhold mellom pixlane i eit fullformat kamera og eit mobilkamera .

Ein pixel i eit mobilkamera vil fange røft rekna 1/100 av det ein pixel i eit fullformatkamera fangar.

Bildekvaliteten i svakt lys vert derfor markert dårlegare.



Fullformat er 24x36 mm.



Mobilformat er vesentlig mindre.

Sensorstørrelsen bestemmer kva brennvidde objektivet må ha for å dekke eit normalt synsfelt. Små sensorar må ha objektiv med kort brennvidde, og det påverkar fokuseringstoleransen (“dybdeskarpheten”, for å seie det på dansk). Korte brennvidder gir auka fokustoleranse. Ved 3mm er den nær uendeleg.


Dette inneber at mobilkamera ikkje har “film-look”. Det meste blir skarpt, eller skarpt nok. Element ute av fokus er sjølvsagt ute av fokus, men sjeldan meir enn at det blir litt irriterande når det er feil.

Fordelen er at bilder på kloss hold kan bli rett så bra. Dei gongane vi verkeleg treng god fokustoleranse er altså mobilen betre enn eit proffkamera.

Eit bilde som det til høgre ville vere umulig med min D700, reint bortsett frå at det ikkje ville få plass mellom bakken og bæret. Mobilen fekk plass, og med bæret i fokus vart jenta skarp nok til at vi ser kva ho gjer. Bildet kommuniserer.

“Finn et strå, og tre dom på!”





Mobilkameraet har fast brennvidde og kan ikkje zoome.

Digital zoom då? Jada, men det er berre tåkeprat. Digital zoom går ut på å bruke berre ein del av sensoren. Det er det same som å forstørre bildet etterpå, og då kan ein som regel heller gjere det.

Nokre mobilar kan ha telelinse som ekstraustyr, men då er ein jo like langt med omsyn til mobilkameraet sine fordelar, og kan like godt bruke eit dedikert fotoapparat til jobben.



Kor mykje taper vi på “digital zoom”? Det kjem mykje an på utgangspunktet, mellom anna kor mange pixlar vi har i originalen.

Kan vi velje, bør vi velje høgast mulig oppløysing.

Vi bør også velje RAW-format, om vi har god lagringplass og kan/har tid til etterbehandling i profesjonelt redigeringsprogram.

GPS-merking er heller ikkje dumt, greit å vite kvar ein var.

Vannmerker har ein sjeldan bruk for som journalist.










La oss sjå nærare på det som er interessant i bildet. Marit med Mac'en viser i alle fall antydning til aktivitet.

Kristian er passiv og kjedelig, han bør vekk. Dessutan er her altfor mykje golv og vegg og vindu.


Velg Rediger, Beskjer og dra ramme rundt du vil ha med.



Resultatet blir forbausende bra, i grunnen. Vi kan prøve enda tettare utsnitt. Og enda litt til. Samanlikna med originalen ser vi at vi har litt å gå på. Føresetnaden er at utgangspunktet er best mulig. Høg oppløysing (mange pixlar) er eit moment, som nemnt. Den optiske kvaliteten er ei anna sak, den er naturleg nok svak.







Komprimering går ut på å dele bildet i større eller mindre ruter, og registrere berre deler av informasjonen i kvar rute. Ved opning av bildefila blir manglande informasjon “gjenskapt” som middelveidien av næraste registrerte informasjonspunkt.

Høg kompresjon betyr store ruter, stor avstand mellom faktisk registrerte informasjonspunkt og stor grad av kalkulert tipping.

Utsnittet til venstre er frå ukomprimert Original bildefil. Utsnittet til høgre er frå sterkt komprimert, Liten, bildefil.






Dømet innandørs er tatt i svakt lys. Ein skulle tru bilder tatt i fullt sollys ute, som i tilfellet med Runar frå Side Brok her over, ville bli vesentleg skarpere.


Men mobilkamera har fast lysopning. Den optiske kvaliteten skal dermed bli den same uansett lys.





Ser vi nøye etter, på to utsnitt av Marit og Runar med lik forstøringsgrad, ser vi at det med optisk kvalitet kan stemme. Skilnaden i bildekvalitet er ikke større enn det endring i eksponeringstid og ISO bør tilseie. Bildet til venstre er eksponert 1/33 s. – ISO 160, og det til høyre 1/150 s. – ISO 50.

Konklusjonen bør være ganske klar. Mobilkameraet egnar seg best for fotografering på nært hold. Det egnar seg dårlig for sport, ville dyr og fugleliv.



Ideelt, om vi kan og får lov og det er trygt, går vi nærare. Stundom gjer vi det sjølv om vi ikkje får lov og det ikkje er trygt - men helst ikkje så ofte.

Paparazzi-oppførsel blir vi fort upopulære av og stundom blir vi også skada og det som verre er, så det bør vi helst unngå.

Uansett: Bruk bildeflata.

Historia handlar om kommunikasjonen mellom den erfarne mekanikaren og den unge lærlingen, og då tar vi med berre det som høyrer med i den historia.

-----

Nært er altså lurt. Som regel.

I tilfellet på neste side var *nært* vanskeleg å unngå, både for fotografen og for dei på andre sida av lunsjbordet.


Viktig ting å passe på i slike situasjonar: Fotografer ikkje folk medan dei gumlar i seg mat!

Det er uhøflig og forstyrrende og vert nesten aldri bra.

Samtalen etterpå er ei heilt anna sak.








Nokre gongar er vi nær nok men heilt på skeive. Og la oss slå det fast straks: Skeivt er IKKJE kreativt. Skeivt er slurv! Nesten alltid.



Heilt sidan Newton fann opp tyngdekrafta har horisonten vore i water, og det bør den vere på bildet også. Så rett opp!



Velg Redigering, Rotering og juster til bildet er beint.



Bildet her er i tillegg undereksponert og må gjerast lysare. Det har si årsak i vinduet bak, som no blir altfor lyst. Men også mindre viktig.





Problemet med overeksponert vindu kan ikkje så lett løysast i telefonen, men er mulig å gjere noko med i t.d. Photoshop.

Nokre nyare kamera har eit hjelpemiddel; ein kunstig horisont som på eit fly.  
Dette er lurt å ha som standard innstilling, sidan det sparer oss for etterarbeid.

# Kamerarutenett Av >

Horisontalt



Kamerarutenett er eit hjelpemiddel for komposisjon, og ikkje fullt så nyttig.



Når hovudmotivet er litt mørkt bør vi bruke ekstralys.

Telefonane har gjerne ein lampe som kan fungere som blits.

Ekstralysset sin jobb er som regel ikkje å få nok lys, men å få meir lys inn i djupe skuggar, så vi ser detaljane der.

Lampen Harald held i handa er eit ekstra pluss; vi får betre fokus på kva han jobbar med. Meir om det seinare.





Ekstralysen fungerer ikkje heilt som blitz. Elektronblitzar har intenst lys med brenntid på tusendeler eller titusendeler av eit sekund. Det inneber at bevegelsar blir “frosne”.

Mobiltelefonen sitt ekstralys er ein LED-lampe som lyser så lenge det trengst. I dette tilfellet var det eit syttandedels sekund.

Jamfør handa i full sving med hjulvispen. Fløten blir ikkje til krem av seg sjølv, og i løpet av det syttandedels sekundet har handa flytta seg nok til å bli uklar. Kroppen er tilstrekkeleg i ro. Det same gjeld kameraet. Fotografen her er skarpskyttar og stø på handa.

Lange eksponeringstider, meir enn 1/60 sekund og deromkring krev ei stødig hand. I dårlege lysforhold er det ein veldig god ide å finne støtte for kameraet på eit eller anna vis. Gjerne eit stativ om ein har.

Ustødig kamera er viktigste grunnen til uskarpe bilder, uansett type.

-----

Bilder for media skal gjerne fortelje ei historie, og det betyr at enkelte øyeblikk er betre enn andre.

Mobilkameraet er ikkje det enklaste verktøyet til å fange rette øyeblikket, sidan bildet ikkje alltid blir tatt i det ein trykker på knappen.

Desto viktigare blir det å forutså. Her spør det om sjampanjekorka, i pakt med tradisjonen for nye hyttebesøk kom klar av taket på utedassen eller ei.

(en flaug for kort, men det vart ei fin helg likevel.









Museumsbesøk er gjerne obligatorisk på tur, og skal slikt sjå bra ut på bilder trengs det augekontakt.

Desse reglane gjeld anten det er familie og venner vi tar bilde av, eller kongen med følgje.

Det er lurt å øve seg med familie og venner.

Når kongen kjem blir det gjerne litt trengsel og stress.

-----

Augekontakt er viktig i alle relasjonar.

Svært ofte er augekontakt det som avgjer om bildet er godt eller dårleg.


I bildet til høgre er handa eit viktig element. At den er ei aning uskarp, grunna litt lang eksponeringstid, (1/30s) bidrar ekstra til å vise aktivitet.

Det er brukt "blits" for å få lys inn i skuggpartia.

I motiv med motlys, som her, bør det vere fast regel.









Signering i bildet er som regel ein uting, særleg når det blir gjort slik som dette. Men i skulesamanheng kan det vere greit for identifikasjon av individuelle arbeidskrav. Og det hindrar tjuveri.

Finne eit tekstverktøy, som for eksempel dette. Her kan du skrive både med og utan etikett.




Etikettbruk er ikkje så veldig diskret, så sjølv om her er mange fine å velje mellom er det best å la vere.

I så fall; trykk her!








Trykk så på T for tekst, velg bokstavtype for eksempel A og farge for eksempel svart.



Trykker du her får du tastatur og kan skrive det du måtte ynske.



Til dømes slik som dette. Skal vi ha godt leseleg tekst i eit bilde treng vi ein nøytral bakgrunn og tekst i annan farge enn bakgrunnen, grønt er ofte eit bra valg.

Alternativt kan ein nytte tekst med kontur i annan farge enn teksten, om verktøyet gir rom for det. Eller, ha teksten i ei kvit ramme utanfor bildet.

Alt som konkurrerer med hovudinnhaldet er støy, og bør unngåast.







Bileta som vert viste her har eit fellestrekk. Dei er spontane, ikkje oppstilte. Det betyr at dei er litt vanskelege å fange, i alle fall om det skal verte gode bilder.

“Gode” betyr i denne samanhengen ikkje nødvendigvis “pene” eller “flatterande”, men dei skal fortelje noko. Som til dømes at det enkelte somrar kan vere naudsynt å kombinere støvlar og badebukse.





Det gode bildet skal fortelje ei, og berre ei historie. Det skal vere enkelt, gjerne med gode kontrastar – lett å lese.



Timing er oftast heilt avgjerande. Medmobilkamera er det, som nemnt, vanskeleg.

Trikset går ut på å ta mange bilder, og kaste dei fleste.

Det er VELDIG lurt å setje kamera på “lydlaut”. Stadig klikking er både forstyrrende og avslørande.







Deling av bilder, i form av å presentere seg og vise fram og forklare kvifor ein fotograferer, blir gjerne oppfatta positivt.

Frenetisk masseknipsing tett oppi trynet på framande folk over lengre tid utan noko form for presentasjon eller forklaring blir gjerne sett på som lite kultivert.

Til tider provoserande.

Det er lurt å vise folkeskikk.

Deling av bilder på Facebook eller andre digitale plattformer er det same som publisering, og det har vi ikkje lov å gjere utan samtykke.

Der er vi forbi folkeskikken og langt inne i rettsvesenet.





“Ei historie” betyr at bildet skal omhandle ein ting, ei sak, ei hending.

Personar på bildet bør sjå i same retning eller på same objekt, ein person bør gjerne vere hovudperson.

Gjenstandar i eit bilde bør vere av same type eller ha relevans til ei sak.

Som til dømes tagging i lett forfalne bystrøk.



Historier kan forteljast med folk sånn littegrann gøymt bort i bagrunnen, som til dømes denne om vegarbeid i regnver.

Men det hjelper godt at dei to gulkleddde ser ned til kvar si side.

Dei kikar for øvrig ned på Norge sitt sydlegaste fastlandspunkt.





Dette bildet krev kanskje ikkje forklaring i det heile.






Ikkje dette heller, så veldig. Flåmsbana er populær.

Andre stader, som i Sogndal (neste side) er trengselen mindre plagsam,









Kroken i Lusterfjorden får stå som minne om sommaren 2016. Årsaka til fråver av folk er openbar.





Like ved fann vi Norges minste butikk.





I sterk konkurranse med denne litt enklare konstruksjonen.





Bokbyen Fjærland har mykje slikt.





Bilder treng ikkje alltid innslag av folk for å fortelje historier.





Men det er ofte eit pluss





Folk eller ikkje kjem an på formålet med bildet.





Kontakt mellom folk er ofte det vi leitar etter. Kunsten er å fange dei gode situasjonane. Det handlar om å bruke tid, om å fotografere så mykje og så ofte at dei du fotografierer sluttar å bry seg. Det er først då du blir “fluge på vegg”, og får fanga situasjonar der folk er seg sjølve, utan å posere. Familien min har gitt opp for lenge sidan, og legen på heimebesøk brydde seg berre om pasienten.



Det handlar mykje om tillit. Folk må kunne stole på oss, og vi får ikkje tillit utan å gjere oss fortente til det. Sjølv ikke innan næraste slekt og vener.











Nokre gongar høver det med ein person på bildet, andre gongar fleire, nokre gongar ingen.

Kven det er kan sjølvsagt ha interesse, men eit godt bilde er eit godt bilde uansett kven modellen er, og det finst dårlege bilder av både kongar og presidentar.

Beste rådet for den som vil bli flink fotograf er å øve på slekt og vener, i daglege situasjonar, helst som “fluge på veggen” utan å påverke motivet for mykje.

Evnen til å fange det spontane kan ikkje øvast opp på anna vis.

Prøv å ha overblikk over situasjonane, prøv å forutsjå kva som kan skje og kva som vil vere beste posisjonen for å fange det som skjer, *om* og *når* det skjer.

For øvrig: Husk at kvart bilde skal fortelje ei historie, og berre ei.

Den andre historia fortener sitt eige bilde.